

Skulemusikken held huskonsert**10.12.2006**

For første gongen held skulemusikken førjulskonsert og har kalla den huskonsert. Dagen er tirsdag 12. desember, staden Aktivitetshuset og arrangementet startar kl. 19.30 – i bakkant av den ordinære øvinga. Det varar ein times tid og det blir også enkel servering.

- Vil vil at uskedalingane skal tenkje over kor heldige dei er som har korpsmusikk – for kva hadde arrangementa til dømes før og under jula vore utan den, seier arrangementsansvarleg Randi Guddal Zimmer. Ho minner om at det er mykje strev med å halde korpset levande.

Ho strekar under at alt er gratis under huskonserten og appellerar slik til foreldra, besteforeldra og andre interesserte: - Legg frå deg julestria og lommeboka heime og kom til Aktivitetshuset for å høyre kor flinke musikantar vi har!

Den nye dirigenten er særst nøgd med korpset og vil sjølvstilt dirigera det under konserten.